



KLASSISK

## Schola Cantorum

«Audiens»

Med: Tone Bianca Dahl (dirigent),  
Nordic Voices, Are Sandbakken  
(bratsj)

Verk av Whitacre, Dyrud, Rehnquist,  
Lauridsen og Christophersen

2L

2009

# Varsam fargelegging

**Schola Cantorum** og dirigent Tone Bianca Dahl inviterer til ei fleirfaldig mottaking gjennom «Audiens», der høvevis moderne komponistar frå dei nordiske landa og USA vert presentert.

**Eric Whitacre, Torbjørn Dyrud, Karin Rehnquist** og Morten Lauridsen er mellom komponistane som alle byr på sine iøyrefallande innfallsvinklar til kormediet. Men kva gjeld verk, er plata mest av alt eit portrett av Bjørn Morten Christophersen (1976), mangeårig medlem av koret. mellom anna kjend for sin musikk til NRK-serien «Kodenavn Hunter».

**Som dei øvrige** komponistane let han skinna gjennom ein overtydande kjennskap til instrumentet han skriv for. Om musikken hans sikkert ikkje er enkel å synga, fungerer verkemidla han tek i bruk på effektivt vis. Mest omfattande på plata er tittelverket, «Audiens», skrive til barnlege tekstar av Gro Dahle, om paven si truleg ulukkelege, einsame verksemd. Musikkalsk går assosiasjonen snart til den danske komponisten Bo Holten: Det er som om Christophersen har tredd rett inn i Holten sitt univers av klisjear, underfundige blikk og romantisk utfald, kombinert med det leikne, små utbrot ein kan henda ikkje hadde venta seg og ei elegant utforsking av mangfaldige vokale høve.

**Stykket, som koret** gjer saman med vokalseksetten Nordic Voices, er eit høgdepunkt på plata gjennom alt det byr på av snedige valørar – frå det heilt slanke til det fyldige og meir burleske.

**Overgangen frå Christophersen-verka** til Whitacre sitt meir homogene «Water Night» virkar òg elegant – som ein demonstrasjon på varsemda over koret si fargeleggjing i innspelinga. Einast i glimt, men dessverre nokså ofte i opningsstykket «Leonardo Dreams of His Flying Machine», virkar intonasjonen uklår – på grensa til å mista grep i overgangen frå ein toneart til ein annan.

**IDA  
HABBESTAD**

